

Referat frå årsmøte

i Gloppen Janitsjar torsdag 6. februar 2020

kl 2030 på Firda vidaregåande skule

Til stades:

Didrik Eide, Gunnar Eide, Martha Sundal Engeland, Margunn A. Enebø, Reidun Kjørvik Førde, Odd Hansen, Trond Haugen, Vigdis Henden, Eva Fitje Holme, Jenny Hysing, Anne Britt Kjørvik, Heidi Fure Klausen, Martin Eikeset Koren, Jorunn E. Vereide Kvernevik, Hanne Lyngstad, Olav Rasmus Myklebust, Britt Rønnekleiv Mølmann, Ole Henrik Mølmann, Håkon Mølmann, Bernt Reed, Geir Skagen, Bjørn Inge Solheim, Ivan Stepović, Linda Pupe Støyva, Solveig Tørudstad.

Det er 25 medlemmar til stades ved årsmøtet.

Sak 1: Konstituering

Godkjenning av innkalling og sakliste

Dato for årsmøtet var kunngjort for medlemmane internt på facebook 5. januar, og same dag ope offentleg på korpset si nettside. Sakliste og årsmøtepapir var sendt ut og gjort tilgjengeleg for medlemmane søndag 2. februar.

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjent.

Val av møteleiar

Bernt Reed vart foreslått som møteleiar. Det kom ingen andre framlegg.

Vedtak: Bernt Reed er møteleiar

Val av møtereferent

Geir Skagen vart foreslått som møtereferent. Det kom ingen andre framlegg.

Vedtak: Geir Skagen er møtereferent

Val av to personar til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiar

Det vart gjort framlegg om at Vigdis Henden og Anne Britt Kjørvik signerte møteprotokollen saman med leiar. Det kom ingen andre framlegg.

Vedtak: Vigdis Henden og Anne Britt Kjørvik signerer protokollen saman med møteleiar.

Sak 2: Årsmelding 2019

I 2019 var korpsskafe og felleskonsert med Cappella Vocale hovudarrangementa. Elles var det mykje lokal speling, slik det bruker å vere. Det var også arbeidd ein del opp mot rekruttering og økonomi.

Årsmeldinga vart gjennomgått side for side og det kom ingen innspel eller framlegg til endringar.

Vedtak: Årsmeldinga for sesongen 2019 er godkjent.

Bernt Reed
signert

Anne Britt Kjørvik
signert

Vigdis Henden
signert

Sak 3: Rekneskap med revisjonsmelding

Rekneskapen vart lagt fram med eit overskot på 129 843,11 kroner.

Revisorane har gått gjennom rekneskapen og har ingen merknadar.

Kasserar Heidi Fure Klausen gjekk gjennom og kommenterte rekneskapen, og svarte på spørsmål om det. Det kom ingen kommentarar til rekneskapen.

Vedtak: Rekneskap for 2019 er godkjent utan merknad.

Sak 4: Innkomne saker

Det var ingen innmelde saker frå styret eller medlemmane.

Sak 5: Arbeidsplan 2020

Styret har sett opp eit framlegg til arbeidsplan for 2020, der den nært føreståande Skotårsgallaen er hovudarrangementet. Det er også satt opp ein konsert Tin-camp som sesongavslutning, samt at korpset står som teknisk arrangør av og deltek på Nordvestivalen - Nordvestkonkurransen i oktober. Planen siktar også inn på tur til Bayern hausten 2021.

Det kom inn ein kommentar på planen. Den er ein datoplan for den musikalske aktiviteten, men i komande arbeidsplanar bør den kanskje også innehalde ein tekstdel om korpset og styret sine fokusområde for perioden.

Vedtak: Arbeidsplanen vart godkjent slik den låg føre.

Sak 6: Kontingent 2020

Kontingenten i Gloppen Janitsjar vart heva til 1000 kroner for vaksne og 500 kroner for skuleelevar i 2017. Styret gjer ikkje framlegg om endring i kontingenten.

Vedtak: Kontingenten i Gloppen Janitsjar vert kroner 1000,- for vaksne og kroner 500,- for skuleelevar.

Sak 7: Budsjett

Kasserar Heidi Fure Klausen presenterte styret sitt framlegg til budsjett for 2020. Det er sett opp med ei inntektsside på 552 230,- kroner, og ei utgiftsside på 447 500 kroner. Dei ordinære inntektskjeldene, lotteria syner seg å vere sikre inntektskjelder. Håpet er at både Skotårsgalla og Nordvestivalen skal gje eit godt bidrag til korpsdrifta, og i arbeidet med å finansiere ein felles del av turen til Bayern 2021.

Vedtak: Budsjettet for 2021 vart godkjent.

Bernt Reed
signert

Anne Britt Kjørvik
signert

Vigdis Henden
signert

Sak 8: Val

Av dei som står på val i år har Martha Sundal Engeland takka nei til attval etter fire år som leiar. Valnemnda gjer framlegg om at Bjørn Inge Solheim går inn leiar etter eitt år som nestleiar og sit i to år. For at dei to leiarverva framleis skal stå på val kvar sitt år er Jorunn E. Vereide Kvernevik innstilt som nestleiar for eitt år. Valnemnda foreslår også å utvide musikkutvalet med eitt medlem.

Valnemnda si innstilling til styre:

Leiar:	Bjørn Inge Solheim	Ny 1	for 2 år	på val 2022
Nestleiar:	Jorunn E Vereide Kvernevik	Ny1	for 1 år	på val 2021
Kasserar:	Heidi Fure Klausen	Attval	for 2 år	på val 2022
Sekretær:	Geir Skagen	Ikke på val		på val 2021
Styremedlem:	Reidun Kjørvik Førde	Attval	for 2 år	på val 2022
1. varamedlem:	Bernt Reed	Attval	for 1 år	på val 2021
2. varamedlem:	Gunnar Eide	Attval	for 1 år	på val 2021

Musikkutval

Bernt Reed	Attval	for 1 år
Ole Henrik Mølmann	Attval	for 1 år
Trond Haugen	Attval	for 1 år
Anne Britt Kjørvik	Ny	for 1 år
Dirigent	Fast	

Sosialkomité

Didrik Eide	Attval	for 1 år
Heidi Fure Klausen	Attval	for 1 år

Valnemnda si innstilling revisorar:

Didrik Eide	Attval	for 1 år
Olav R. Myklebust	Attval	for 1 år

Vedtak: Det kom ingen andre framlegg til verv i styre og utval. Valnemnda si innstilling vart vedteken.

Styret si innstilling til valnemnd til årsmøte 2021

Margunn Evebø (leiar)	frå 2018
Ingrid Sundal Søreide	frå 2019
Martha Sundal Engeland	frå 2020

Vedtak: Det kom ingen andre framlegg til valnemnd. Styret si innstilling vart vedteken.

Sandane 7. februar 2020

Geir Skagen
referent

Bernt Reed
signert

Anne Britt Kjørvik
signert

Vigdis Henden
signert